

Erik Strøm  
Paktarmyrhaugen 9  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2732 - 21/19945

Saksbehandlar:  
Eirik Berntsen  
eirik.berntsen@alver.kommune.no

Dato:  
22.03.2021

## Tilbakemelding på melding om mogleg ulovleg utestove - gbnr 323/571 Frekhaug

Tiltak: Utestue  
Byggjestad: Gbnr: 323/571 Elvavegen 2  
Tiltakshavar: Håvard Matland


### Saka gjeld

Kommunen viser til epost i frå dykk, der det sillast spørsmål om lovlegheita av ein utestove som er under oppføring på eigedom 323/571.

### Vår vurdering av saka

Vi har vurdert at tilhøvet ikkje er eit brot på plan- og bygningslova. Vurderinga er basert på ein synfaring den 22.03.21, vurdering av arealplangrunnlaget og utgreiing i frå utførande foretak som var på plassen under synfaringen.

Høgden på bygningar som skal unntas søknadsplikt er maksimalt 3,0 meter. Vi gjer oppmerksom på at denne høgda målast til takflaten, der parapeten (oppstikk) er logare enn 0,3 meter, jf. TEK17 § 5-9. Dette kan visast ut i frå følgande teikning:



Vidare målast høgden ut i frå ferdig planert terreng.

Tiltaket ligg utanfor byggegrensa i reguleringsplanen. Men det fremfår i føresegningana til planen at mindre tiltak kan plasserast utanfor byggegrensa. Vidare har utførande foretak for tiltaket stadfesta at dei bygg i tråd med dei krava som gjeld for unntak i frå søknadsplikt, jf. byggesaksforskriften § 4-1 bokstav a. Det er ikkje krav om nabovarsling for tiltak som er unntatt søknadsplikt.

Ut i frå vår vurdering på byggeplassen, kan vi ikkje sjå at bygningen blir høgare enn 3 meter. Vi gjer oppmerksom på at vi ikkje har kontrollmålt bygningen, og at det er tiltakshavars fulle ansvar å følgje reglane for unntakene frå søknadsplikt.

For ordens skuld vil vi informera at tiltakshaver for utestova var i kontakt med kommunen i 2019, jf. saksnummer 19/1135 i gamle Meland kommune. Den gang spurde dei om det var søknadsplikt for å plassera ei utestove på eigedommen. Kommunen ga den gang tilbakemelding på at det ikkje var søknadspliktig arbeid, så lenge forutsetningana var ivaretatt.

### **Du kan ikkje klaga på denne avgjera**

Avslutning av sak om mogleg ulovleg tilhøve er ikkje eit enkeltvedtak, og kan difor ikkje klagast på etter reglane i forvaltningslova.

Dersom det i ettertid kjem fram nye opplysningar som endrar saka, så kan kommunen ta saka opp til ny handsaming.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 21/2732

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Siril Therese Sylta  
Avdelingsleiar

Eirik Berntsen  
Rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Kopi til**

Anna-Ragnhild Røynstrand	Elvavegen 2	5918	FREKHAUG
Håvard Matland	Elvavegen 2	5918	FREKHAUG

### **Mottakarar**

Erik Strøm	Paktarmyrhaugen 9	5918	FREKHAUG
Ros-Mari Hauge Strøm	Paktarmyrhaugen 9	5918	FREKHAUG